



Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

Sandslihaugen 30
5254 Sandsli
Postboks 7900
5020 Bergen

Tlf: +47 41 206132
nestas@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no

Referanse:
Knut Olav Røssland Nestås

Dato:
14.08.2020

Innspel til revisjon av trafikksikringsplan for Masfjorden kommune

Trygg Trafikk takkar for motteke brev om revisjon av trafikksikringsplan for Masfjorden kommune, og ynskjer gjerne å bidra i arbeidet på den måten kommunen finn høveleg. I samband med oppstartsmeldinga ynskjer me òg å koma med nokre innspel til framtidig plan.

Innleiingsvis er det verd å nemna at framlegget til planprogram er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid. Særleg er det verd å nemna at det er planar for å involvera barnehagar og skular, samt ha drøftingar kring gjennomføring av haldningsskapande og ikkje-fysiske tiltak slik at ein er sikra gjennomføring. Eitt tiltak som òg kan vera ein effektiv metodikk for brei involvering av etatar og oppvekstinstitusjonar er godkjenningssordninga Trafikksikker kommune, som me vonar kommunen vil vurdere å arbeida inn i endeleg plan. Underteikna eller andre i Trygg Trafikk informerer meir enn gjerne ei arbeidsgruppe, kommunestyret eller liknande nærare om Trafikksikker kommune om det er ynskjeleg.

Trygg Trafikk jobbar primært med organisatoriske og trafikantretta trafikksikringstiltak, og det er i hovudsak det innspela våre vil dreia seg om. I tillegg vil me peika på at det er ein del nye planar og endringar i føringar elles som det er viktig å vera klar over ved revidering av ny plan. Det mest opplagte er sjølv sagt for Nasjonal transportplan (NTP) 2018-2029, der ny plan er venta vedteken våren 2021. Men i tillegg er det utarbeidd ein eigen *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet 2018-2021*. Nasjonal tiltaksplan har ei rekkje tilstandsmål knytt til rus, fart, bruk av tryggleiksutstyr m.v. som det er relevant for ein kommune å sjå nærare på. I samanheng med dette er det naturleg å spørja korleis ein kan bruka det kommunale verkemiddelapparatet for å bidra til at fleire held fartsgrensene, bruker bilbelte, refleks, sykkelhjelm, sykklar med ljøs, sikrar borna sine riktig og lengst mogleg i bil med mykje meir. Alt som er nemnt her er tiltak ein kan nå gjennom såkalla trafikantretta arbeid i til dømes helsestasjonar, barnehagar, skular og gjennom eigne informasjonskampanjar ut mot

innbyggjarane. Her er òg eit breitt samarbeid med relevante råd, foreiningar, lag og organisasjonar avgjerande for å nå ut. Elles arbeider Vestland fylkeskommune med utarbeiding av ny Regional transportplan og eit eige handlingsprogram for trafikktryggleik.

Oppsummert er difor tilrådingane våre følgjande:

Fokusera på trafikksikringsarbeidet på tvers av sektorane

Trafikksikringsarbeidet skjer på tvers av sektorane i kommunen. For å sjå heilskapen i dette arbeidet, utvikla det vidare og få samarbeidet på tvers til å fungera best mogleg, er Trafikksikker kommune ein god reiskap. Godkjenningsordninga er eit felles satsingsområde for Vestland fylkeskommune og Trygg Trafikk, og eit godt verktøy for å sikra eit systematisk, heilskapleg og breitt forankra trafikksikringsarbeid i kommunen.

Masfjorden kommune er pr. i dag ikkje godkjent som ein Trafikksikker kommune, og me vil tilrå at ny plan framhevar ein ambisjon om å bli godkjent.

- Trygg Trafikk vil be kommunen om å vurdere å konkretisera korleis Trafikksikker kommune skal følgjast opp vidare fram mot ei eventuell godkjenning. Godkjenning skjer i samråd med Vestland fylkeskommune og Trygg Trafikk.

Det trafikantretta arbeidet må prioriterast vidare

Kommunen bør utvikla konkrete og forpliktande trafikantretta tiltak, til dømes retta mot haldningar, åtfærd, trafikkforståing og anna trafikkopplæring. Kommunen bør jobba på tvers med aktuelle sektorar og etatar og sikra medverknad frå aktuelle grupper. Om barn og unge er ei satsingsgruppe, kan medverknad i ein slik prosess i seg sjølv ha ein positiv verknad på haldningar og trafikkforståing. Det vil vera ei styrke om dette arbeidet vert godt forankra ikkje berre på toppleiarnivå, men også ut i aktuelle ledd i organisasjonen.

- Trygg Trafikk vil oppmoda kommunen om å prioritera det trafikantretta arbeidet mot aktuelle målgrupper gjennom utvikling av konkrete tiltak, der ansvaret for oppfølging er tydeleg plassert.
- Døme på trafikantretta tiltak kan vera reflekskampanjar, arbeidet på helsestasjonane kring sikring av barn i bil, trafikkopplæring i barnehage gjennom Barnas Trafikkklubb eller trafikkopplæring i skulen gjennom til dømes nysatsinga i 2020: Sykkeldyktig, som er eit digitalt undervisningsopplegg knytta til trafikk- og sykkelopplæring.

Særleg merksemd på utsette grupper i trafikken

Barn og unge er ei viktig gruppe, som ein ofte er merksam på i trafikksikringsarbeidet. Mange kommunar jobbar målretta og breitt mot målgruppa gjennom haldningsskapande arbeid, trafikkopplæring og fysiske tiltak, som sikring av trygg veg til skule og fritidsaktivitetar. Eldre er ei utsett gruppe i trafikken, både som sjåførar og fotgjengarar.

Denne gruppa får kanskje ikkje den same merksemda, men er overrepresentert i ulykkesstatistikken. Det same gjeld trafikantar med anna trafikkforståing og trafikkultur, til dømes flyktningar busette i kommunen. Andre utsette grupper er unge bilførarar og fotgjengarar og syklistar generelt.

- Trygg Trafikk vil oppmoda kommunen om å vurdere førebyggjande tiltak for utsette grupper, og kjem gjerne med innspel på dette i vidare planarbeid.
- Trygg Trafikk vil oppmoda kommunen om å nytta eigne forum, som t.d. ungdomsråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og eldreråd, til å diskutera trafikktryggleik, med mål om å spreia kunnskap, få innspel, sikra medverknad og utvikla gode haldningar hjå innbyggjarane.

Lokal innsats er viktig for å nå nasjonale målsettingar

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021 er forankra i Nasjonal transportplan 2018-2029, og inneheld satsingsområde og tiltak som skal sørgja for at dei nasjonale målsettingane etter *nullvisjonen* vert nådd. Det er av stor betydning at også kommunane bidreg til at me saman kan nå desse måla. Trygg Trafikk har utarbeidd eit ressursdokument til kommunale trafikksikringsplanar, der det vert vist korleis ein med kommunale tiltak kan bidra til å nå måla for dei ulike satsingsområda. Av tretten innsatsområde i planen, har Trygg Trafikk utarbeidd konkrete, kommunale tiltak for elleve av dei.

- Trygg Trafikk vil oppmoda kommunen til å innarbeida relevante tiltak i planverk og verksemd for å følgja opp nasjonale mål for trafikktryggleik.

Ta gjerne kontakt for vidare innspel i det viktige arbeidet med trafikksikringsplanen!

Lukke til!

Med venleg helsing

Knut Olav Røssland Nestås
Regionleiar Vestland

Trygg Trafikk | Sandslihaugen 30, 5254 Sandsli | Postboks 7900, 5020 Bergen
nestas@tryggtrafikk.no | Mobil: 412 06 132 | Org.nr.: 970 133 410